


«Nordhordland kommune»

Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune



Versjon 1.0 - 25. januar 2016

1. Innleiing

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune tek sikte på å danna ein ny kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som vedtar om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Kommunane i Nordhordland vedtok i 2010 å setja i gong ein prosess om å utgreia endra kommunestrukturar. Dette arbeidet gav viktig kunnskap og grunnlagsmateriale, som kommunane har hatt stor nytte av i arbeidet som vart formalisert etter Stortingsvedtaket om kommunereforma i 2014.

Dei tre kommunane gjennomførte våren 2015 ei utgreiing som skulle svara på kvifor ein skulle byggja ein ny kommune, jfr. vedlegg. Utgreiinga er fylgt opp etter valet hausten 2015 og denne intensjonsavtalen er eit resultat av denne prosessen. Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny kommune vil stå sterkare for å løysa utfordringane i framtida enn dei eksisterande kommunane har kvar for seg. Den nye kommunen får vel 28 000 innbyggjarar og vil dekkja eit areal på 679 km². Dette inneber at Nordhordland kommune vert den nest største kommunen i Hordaland og blant dei 40 største i landet målt etter folketal.

Det har også vore sentralt for oss å byggja vidare på det frivillige arbeidet som har gått føre seg sidan 2010, og å kombinera føringane i kommunereforma med eigne idèar om korleis me best tener innbyggjarane sine interesser i framtida, og sikrar at Nordhordland vert ein vekstkraftig, sterk og attraktiv region.

Etter at intensjonsavtalen er handsama i kommunestyra, vert det lagt opp til ein brei medverknadsprosess i form av folkemøter, folkeavrøysting og/eller innbyggjarundersøking som ein er pliktig til etter lova. Kwart kommunestyre avgjer spørsmålet om folkeavrøysting, innbyggjarundersøking eller anna høyringsform.

Me ser fram til godt engasjement og konstruktiv dialog i denne viktige avgjerda for dei tre kommunane. Innspela i medverknadsprosessen kan påverka den endelege intensjonsavtalen som skal handsamast i kommunestyra i juni 2016.

2. Visjon

Nordhordland kommune» skal vera ein slagkraftig og heilskapleg samfunnsutviklar i ein region med sterk vekst og utvikling.

Me byggjer ein ny kommune for å møta framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

Me skal rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet. Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur. Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.

Målet er å få på plass ein sterkare kommune med auka lokalt sjølvstyre, og gjera regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver, jamfør vedtak i Stortinget.

3. Verdier, mål og prinsipp

Følgjande er lagt til grunn:

- Me skal byggja ein ny kommune.
- Alle kommunar er likeverdige partar.
- Me skal ha respekt for kvarandre sine tradisjonar, kulturar og sterke eigenskapar i noverande organisasjon.
- Me skal ta med oss beste praksis frå kommunane inn i den nye kommunen.
- Me skal byggja vidare på felles identitet og kultur.
- Me skal involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv.
- Me skal ha likeverdige tenester i heile kommunen.
- Me skal vidareføra lokal tenesteproduksjon der brukarane bur.
- Me skal ha innbyggjarrettleiing i alle rådhusa.
- Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.

4. Kvifor ny kommune: fordelar og ulemper

I utgreiinga frå juni vart sentrale utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter for regionen fram mot 2040 lagt vekt på.

Det er fordelar og ulemper ved å etablera ein ny kommune. Utgreiinga peika på *fordelar* ved sterkare fagmiljø (t.d. innan barnevern) som sikrar rekruttering og god og spissa kompetanse, betre kvalitet og mangfald på tenestetilbodet, betre heilskapleg arealutnytting, moglegheiter til å prioritera næringsarbeid, godt jordvern samt større påverknadskraft overfor sentrale og regionale myndigheiter. Den nye kommunen vil bli ein større og meir ressurssterk kommune med betre økonomisk soliditet, og vil dermed vera betre i stand til å handtere nye og større oppgåver samt omstilling innan arbeidsmarknaden. Den nye kommunen vil stå betre rusta til å møte den kraftige veksten i innbyggjartall (44 000 i 2040) med et auka tal eldre.

Nokre av *ulempene* vil kunne vera større geografisk avstand innan kommunen (både for innbyggjarar, tilsette og folkevalde), konsentrasjon av kommunale tenester, lengre beslutningslinjer, svekka lokalkunnskap hjå sakshandsamarar, samt lågare engasjement og politisk involvering frå innbyggjarane.



LINDÅS KOMMUNE



Meland kommune
-Eit samfunn for alle-



Radøy
kommune

5. Den nye kommunen – namn, organisering og styring

Arbeidstittel på kommunen er «Nordhordland kommune». Arbeidet med kommunevåpen og -symbol startar etter at avgjerda om ny kommune er teken.

Me er samde om at kommunesenteret vert lagt til Knarvik.

Den nye kommunen skal byggja vidare på den felles kulturen og identiteten som er i regionen. Nynorsk skal vera administrasjonsspråk.

Rådmann med dei mest sentrale funksjonane skal sitja på rådhuset i kommunesenteret. Rådhusa i Meland og Radøy skal ha kommunale funksjonar i den nye kommunen. Det skal vera innbyggjarretteleing i alle rådhus.


Regionsenteret Knarvik vil vera kommunesenteret i den nye kommunen. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø og Manger. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet.

Ved vidareutvikling og organisering av den nye kommunen skal systematisk erfaringsoverføring og læring leggjast til grunn. Kontinuerleg forbetring og fornying skal prega utviklingsarbeidet i den nye kommunen.

6. Demokratimodellen

Kommunen skal styrast etter formannsskapsmodellen med politisk utval og gjennomgåande representasjon.

Kommunestyret skal bestå av 43 medlemmar. Formannskapet skal ha 13 medlemmar. Alle kommunestyrerepresentantane skal sitja i minst eitt anna politisk organ. Det vert lagt opp til 4 hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, samfunnsutvikling og administrasjon. I tillegg kjem lovbestemte utval og diverse råd og komitear.



Kontrollutvalet skal bestå av 7 personar, 3 av desse skal vera kommunestyrerepresentantar. Administrasjonsutvalet skal bestå av 4 politiske medlemmer og 3 medlemmer frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmene skal vera medlemmer i formannskapet.

7. Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse

Når me skal ta stilling til korleis me skal organisera dei kommunale tenestene, er det viktig å vurdera dette i lys av behovet i framtida. Ein ny kommune skal handtera framtida, ikkje dagens situasjon.

Tenesteyting

Tenestetilbodet skal vera på det same nivået som i dag. Gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtek nye.

Innbyggjarane skal motta desentraliserte tenester. Heile omsorgstilbodet skal ivareta at innbyggjarane får nærleik til tenestene. Sjukeheimsplassar, bufellesskap, omsorgsbustader og bu- og servicesenter skal vera nærast mogleg der innbyggjarane bur, for å sikra lokal identitet og nærleik til tenestene. Lokale helsestasjonar vert vidareført.

Den nye kommunen skal vera ein god oppvekst-, barne- og ungdomskommune. Ingen skular skal leggjast ned som følge av ei kommunesamanslåing, eksisterande skulebruksplanar vert reviderte når den nye kommunen er etablert. Skulekringsgrenser i ein ny kommune bør følgja nærskuleprinsippet.

Bibliotek, institusjonskjøkken og frivilligsentralane vert frå starten vidareført med dagens lokalisering.

Det vil vera naturleg å samordna kompetanse, der det er trong for å styrkja kompetansetilbud og utvikling for å sikra eit godt tenestetilbod.

Den nye kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ynskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjon. Omsorgsteknologi skal vera eit satsingsområde i den nye kommunen.

Eventuelle endringar skal handterast som ein planprosess med involvering/høyring.

Samfunns- og næringsutvikling

Den nye kommunen skal vera ein samla nærings, arbeids- og utdanningskommune. Det er viktig at dei unge har eit godt, lokalt tilbod innan vidaregåande opplæring. Me vil arbeida for at Knarvik vidaregåande skule har eit breitt og mangfaldig tilbod.

Den nye kommunen vil arbeida aktivt for at det skal opprettast eit universitets-/høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv.

Nordhordland kommune skal motivera og støtta næringsliv og innbyggjarar til utvikling av den nye kommunen.

Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk. Gjeldande kommuneplanar pr. 1.1.2020 (herunder arealdelen) vil gjelda inntil det nye kommunestyret har vedteke ein ny kommuneplan. Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser. Den nye kommunen skal vera nyskapande og utvikla nye næringsareal med fokus på framtidretta næringsliv.

Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt, t.d. (ikkje prioritert):

- Nyborgtunnelen
- Alversund bru
- Sambandet Vest
- Ringveg Nordhordland

Me vil vera ein pådrivar for å halda fram utbygginga av mobilnettet og breibandstilbodet i alle delar av kommunen.

Den nye kommunen vil utarbeida ein klima- og miljøplan. Når ein utarbeider ein ny klima- og miljøplan vil ein ha særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling.

Interkommunale samarbeidsavtalar, interkommunale og kommunale selskap skal gjennomgåast.

Prinsipp for kompetanse

Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på fagpersonar.

Ein større og meir slagkraftig kommune skal føra til at det vert meir attraktivt å arbeida i kommunen, og bidra til fleire stillingar dedikerte til spesialfunksjonar. Kompetansekartlegging skal bidra til betre oversikt og danna grunnlaget for ein kompetanseplan om rekruttering, organisering og fagutvikling.



LINDÅS KOMMUNE



Meland kommune
-Eit samfunn for alle-



Radøy
kommune

8. Økonomi - harmonisering av skattar og avgifter

Det er eit mål at ingen innbyggjarar skal få høgare kommunal eigedomsskatt som følgje av ein ny kommune. Det er semje om å harmonisere skattar og avgifter. Prisnivået på kommunale tenester, gebyr og eigedomsskatt skal vera likt i heile den nye kommunen. Det inneber at den nye kommunen fjernar eigedomsskatten på hus og hytter.

Det vert fastsett overgangsreglar for første valperiode (2019-2023).

Forslag til nytt inntektssystem er sendt ut på høyring. Den nye kommunen kjem fordelaktig ut i høve dei endringane som til no er kjend. Endelege konsekvensar vil bli avklåra i løpet av våren 2016.

Investeringsprosjekt

Vedtekne investeringsprosjekt vert vidareført i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Investeringsprosjekt innarbeidd i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar når søknad om å etablera ein ny kommune vert vedtatt, prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett og økonomiplan.

Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsgevinstar m.a. innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja tenestetilbodet i den nye kommunen.

Den nye kommunen vil ta imot økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur.

9. Kommunen som arbeidsgjevar - administrative prosessar

Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Me er samde om å etablera ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det vert lagt opp til høg grad av medverknad på lokalt og sentralt nivå, både under etablering av den nye kommunen og etter at denne er etablert.

Å byggja ein ny kommune er teknisk sett ei verksemdsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk.



LINDÅS KOMMUNE



Meland kommune
-Eit samfunn for alle-



Radøy
kommune

Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si.
- Endringsoppseiingar.
- Berørte leiarar (over tenestestadleiar) skal søkja på nye leiarjobbar.
- Openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.
- Omstillingsavtale (grunnlaget for samhandling med tillitsvalde).
- Tillitsvalde skal vera representert i styringsgruppene i kvar kommune .
- Drøftingsmøte, eventuelt høyringar, i samband med intensjonsdokumentet
- Jamlege orienterings- og/eller drøftingsmøter i prosessen.

10. Kommunikasjonsplan

Gjennom aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal me sikra at alle får god informasjon og vert hørt om den pågåande reformprosessen.

Ein felles kommunikasjonsstrategi skal utarbeidast med målretta satsing på ekstern og intern informasjon. Me viser til eigen kommunikasjonsplan.

11. Veggen vidare

Dette dokumentet er eit framlegg til felles intensjonsavtale. Framlegget skal handsamast i alle kommunestyra i januar/februar.

Det er lagt opp til brei medverknadsprosess og innbyggjardialog utover våren. Forhandlingsutvalet kjem saman igjen i løpet av våren, og vil då oppdatera og utarbeida ein endeleg intensjonsavtale som vert lagt fram for kommunestyra for avgjerd.

Kommunestyra fattar endeleg avgjerd i spørsmålet om kommunestruktur i juni 2016. For å sikra framdrift i prosessen etter junivedtaket vil Forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova).

Inndelingslova av 2001 set rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast.

Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 13 medlemmer med tre frå Radøy, fire frå Meland og seks frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda.

Medlemmene vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu oppstart av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet består av fellesnemnda sine medlemmer og to representantar frå kvar kommune. Desse er utpeika av dei tilsette sine organisasjonar.

Dersom samanslåing blir gjennomført pr. 1. januar 2020 blir det ordinært kommunestyreval hausten 2019.

Knarvik, 26. januar 2016

Jon Askeland
ordfører (Sp)
Radøy kommune

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører (KrF)
Lindås kommune

Øyvind H Oddekalv
ordfører (Ap)
Meland kommune

Jostein Borlaug
varaordfører (Ap)
Radøy kommune

Nina Bognøy
varaordfører (Ap)
Lindås kommune

Nils Marton Aadland
varaordfører (H)
Meland kommune

Kenneth Taule Murberg
gruppeleiar (H)
Radøy kommune

Bjarte Vatnøy
gruppeleiar (FrP)
Lindås kommune

Sigmund Larsen
gruppeleiar (FrP)
Meland kommune

Vedlegg

Forhandlingsutvalet si utgreiing av 19. juni 2015 ([lenke](#))

Kommunikasjonsplan